



NORSK MÅLUNGDOM

Tilskrift: Pb 285 Sentrum, 0103 Oslo
Tlf: 23 00 29 40 Telefaks 23 00 29 31
E-post: skriv@nynorsk.no
Nettstad: www.målungdom.no
Føretaksnummer: 959 358 451
Bankkonto: 3450.07.05029

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar referanse:
2010/04018 ME/ME2 DAS:elt

Vår referanse:

Oslo, 28.08.2011

Høyringsfråsegn om utkast til endringar i «forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner»

Norsk Målungdom organiserer ungdom over heile landet i arbeidet for å styrkja nynorsken, dyrka språkleg medvit mellom ungdom og motverka språkleg og kulturell undertrykking. Med utgangspunkt i dette tillèt me oss å koma med nokre innspel til dei føreslegne forskriftsendringane om filmstøtte.

Me har stor forståing for intensjonen bak framlegga til forskriftsendringar. Tilgjengeleg tekst for alle norske kinofilmar vil vera ei solid oppgradering av kulturtilbodet til folk med nedsett eller manglande høyrslé. Digitaliseringa av kinoane gjort tekstekostnadene så låge at den ekstrakostnaden som kjem med tekstinga ikkje på langt nær representerer eit praktisk problem, slik det kan ha gjort tidlegare. Norsk Målungdom støttar difor prinsippet om at norske filmproduksjonar som mottek statlege tilskot skal tekstast.

Derimot er me ikkje tilfredse med formuleringane i dei to konkrete reguleringsframlegga som departementet ynskjer tilbakemeldingar på. Formuleringane hoppar uelegant bukk over tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Ved implementering av forskriftsendringa slik ho ligg føre, veit me av erfaring at det vil innebera bokmålsteksting av samtlige norske filmar. Dei siste 25 åra har éin kinofilm vorte teksta på nynorsk – etter hardt arbeid frå Norsk Målungdom. Norske kinolerret representerer bokstaveleg talt eit bokmålsvelde, som departementet sine reguleringsframlegg i praksis vil intensivera. Dette er problematisk på fleire frontar:

A) Nynorskbrukarar – særleg dei i skulealder – vil oppleva endå større bokmålspress enn dei gjer i dag. Trass i at mest ein av sju skuleelevar har nynorsk som hovudmål, er bokmålet påfallande ofte einerådande på ulike samfunnsdomene. Dette gjer det vanskelegare for nynorskelevar og nynorskbrukarar å halda på hovudmålet sitt, rett og slett fordi dei risikerer å verta meir ustødige språkbrukarar når dei nesten berre møter bokmål i kvardagen. Dersom dei nye forskriftsendringane vert vedtekne slik dei ligg føre, vil denne effekten forsterkast, og i praksis vil det undergrava den språklege fridommen som har prega Noreg heilt sidan jamstillingsvedtaket i 1885.

B) Også bokmålselevar treng meir nynorsk for å læra seg nynorsk skikkeleg. Mange bokmålselevar opplever i dag at dei ikkje vert fortrulege med nynorsk som sidemål, og ved ei ytterlegare forsterking av bokmålsveldet i filmverda, vil det i alle fall ikkje verta noko lettare for dei. Fråværet av nynorsk på slike samfunnsarenaer er med andre ord også med på å undergrava gjeldande læreplanmål.

C) Det er ingen løyndom at ein del har negative haldningar til nynorsk. Ei monaleg mengd bokmålsbrukarar møter knapt nynorsk i kvardagen, og det gjev igjen grobotn for fordommar og

mishag overfor eitt av dei to jamstelte norske skriftspråka. Dette kan umogleg vera i tråd med gjeldande statleg språkpolitikk, til dømes slik det er formulert i St.meld. 35 (2007-2008) *Mål og meining*, kapittel 1.1.3.2, *Det norskspråklege mangfalds- og jamstillingsperspektivet*.

På bakgrunn av alt det nemnde, meiner Norsk Målungdom at tanken bak forskriftsendringa i utgangspunktet er god, men at formuleringane må betrast. Dette må skje i form av eit krav i forskrifta om parallell teksting på nynorsk og bokmål til filmproduksjonar som får statleg støtte. Som Kulturdepartementet sjølv argumenterer er tekstekostnaden nær ubetydeleg, og parallell teksting på både nynorsk og bokmål vil koma alle til gode. Då vil kinoar som ynskjer det – kanskje særleg kinoar i nynorskområde – kunna visa filmar med nynorsk tekst. Samstundes vil tekstfilene, som departementet også nemner i høyringsnotatet, kunna brukast om att på til dømes DVD, slik at brukarane då sjølv får velja kva mål dei vil ha den norske teksten på.

Til slutt vil me minna om eit anna avsnitt i den nemnde stortingsmeldinga *Mål og meining*, nemleg 5.7.2, *Prinsippet nynorsk*, som slår fast fylgjande:

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte.

Me kan ikkje sjå at Kulturdepartementet har fylgt *prinsippet nynorsk* under utarbeidinga av framlegget til endringar i «forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner». Me vonar at me i framtida får sjå større lojalitet til den gjeldande politikken som Kulturdepartementet sjølv administrerer. Eit godt umiddelbart tiltak vil vera å spesifisera filmtekstkravet til å gjelda teksting på både nynorsk og bokmål for alle produksjonar som får statlege tilskot.

På vegner av landsstyret i Norsk Målungdom,

Janne Nygård

Janne Nygård,
leiar